



# Personvernerklæring for Stord Hotell Drift AS

Ditt personvern er svært viktig for Stord Hotell. Personvernerklæringa er meint for å sikre at kundane våre er informert om kva opplysningar me samlar inn og lagrar om dei. Den fortel også kvifor me brukar opplysningane, og korleis me sikrar kundane sin rettar i samsvar med til reglane i personlovgivinga av 25. mai 2018.

## 1. Behandlingsansvarleg

Dagleg leiar, Martin Tveita er på vegne av Stord Hotell Drift AS (SHD) behandlingsansvarleg for selskapet sin behandling av personopplysningar.

## 2. Personopplysningar som vert lagra om

### 2.1 Kontaktperson hos kunde

Me lagrar følgande opplysningar om kontaktperson hos kunde;

Namn, telefonnummer, mailadresse, stillingstittel, arbeidsgjevar, kontoradresse, firmakort registrert på kontaktperson

### 2.2 Privatkundar

Me lagrar følgande opplysningar om privatkundar;

Namn, telefonnummer, mailadresse, land, språk, postadresse, kjøpshistorikk, notat om spesielle ønsker og fakturahistorikk.

### 2.3 Kontaktperson hos leverandørar

Me lagrar følgande opplysningar om kontaktperson hos leverandørar:

Namn, stilling, telefonnummer, mailadresse og arbeidsadresse

## 3. Formål med behandlinga

Me behandlar opplysningane for å kunne gjennomføre våre forpliktelsar etter avtale med deg.

Vi nyttar også opplysningane for å kunne gi deg informasjon, tilbud og service i samband med ditt kjøp via e-post, telefon, SMS og postutsendingar.

Administrasjon og oppfølging av innkjøp til SHD og leverandørforholdet med dei registrerte personane sin arbeidsgjevar.

## 4. Grunnlaget for behandling

Informasjon om namn, adresse, telefon, e-postadresse nyttar for å oppfylle kjøpsavtalen. Grunnlaget for denne behandlinga er personvernforordninga artikkel Art 6 (b).



Der du har samtykket til det nyttar me også opplysningane til å gi deg informasjon, tilbod og service i samband med dine kjøp via bookingtjenester, e-post, telefon og SMS. Grunnlaget for denne behandlinga er personvernforordninga Art 6 (a). Du kan når som helst takke nei til å motta slik informasjon frå oss.

Du samtykka til datainformasjonslagring når du godkjenner «Cookies» - erklæringa på nettsida vår [www.stord-hotell.no](http://www.stord-hotell.no), dette for at vi skal kunne gi deg betre informasjon, tilbod og anbefalingar. Grunnlaget for denne behandlinga er personvernforordninga Art 6 (a). Du kan når som helst trekke tilbake ditt samtykke til slik bruk, for meir info sjå pkt 6.

## 5. Innhenting av personopplysningar

Me lagrar personopplysningar du har gitt oss i samband med bestilling og kjøp av tenester hos oss via direkte booking eller bookingsider på internett.

Me lagrar dei personopplysningane du har gitt våre tilsette i samband med kjøp.

Me bruker informasjonskapslar/ «cookies» på nettsida vår for å gje deg som besøker sida best mogleg kundeoppleving og service. Lov om elektronisk kommunikasjon krev at me informerer våre besøkande om bruk av informasjonskapslar («cookies»). Les meir om bruk av informasjonskapslar på [www.stord-hotell.no](http://www.stord-hotell.no) og under pkt. 6.

## 6. Informasjonskapslar (Cookies)

Cookies er små informasjonskapslar som vert lagra i nettlesaren din, og som hugsar kva sider du har besøkt. På nettsida vår brukar me «cookies» for å kunne sjå korleis kundane våre nyttar nettsida våre, slik at me kan gjera den betre og meir relevant. «Cookies» er knytt til IP-adressa di, og er ikkje knytt til andre personlege opplysningar. Om du ikkje ønsker at denne informasjonen skal bli registrert når du besøker nettsida vår, kan du velge den bort under "Internet options" i nettlesaren din.

## 7. Utlevering av opplysningar til tredjepart

Me vil ikkje dele, selge, overføre eller på annan måte utlevere personopplysningar til andre, med mindre me er rettsleg forplikta til det.

## 8. Sletting av personopplysningar

Me beheld personopplysningar om privatkundar så lenge vi har behov for å kunne gjennomføre booking, salg og marknadsføring til deg.

For kontaktperson hos kunde og leverandør er det du eller arbeidsgjevar som må informerer oss, når dine personopplysningar skal slettast.

Opplysningar me er forplikta etter bokføringsloven å lagre vil bli lagra i inntil 5 år, i henhold til lovens krav.

## 9. Rettar til den registrerte

Me behandlar personopplysningane dine i henhold til personopplysningslova og gjeldande forskrifter. Du kan kreve innsyn i og flytting av eigne personopplysningar, samt kreve retting eller sletting av opplysningar.

Det kan klages til Datatilsynet på behandling i strid med reglane.



## 10. Personvernombud

SHD har ikkje eit personvernombud, men du kan likevel sende mail til [personvern@stord-hotel.no](mailto:personvern@stord-hotel.no) med spørsmål om behandling av personopplysningar.

## 11. Informasjonstryggleik

Me sikrar dine personopplysningar ved både fysisk og virtuell adgang- og tilgangskontroll via brukarnamn/passord.

## 12. Kontaktinformasjon

Spørsmål om kva opplysningar som er registrert, retting og sletting kan du sende skriftleg til følgende adresser:

[personvern@stord-hotel.no](mailto:personvern@stord-hotel.no)

**Stord Hotell Drift AS**

Kjøtteinsvegne 67,  
5411 Stord

Tlf: 53402500

*Kilde: [www.virke.no](http://www.virke.no)*